



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato:

02.05.2019

Vår ref:

2019/7829

Dykkar dato:

26.03.2019

Dykkar ref:

6f2ce7bf-1d30-4258-b6b4-c88b6f1820bb

Saksbehandlar, innvalstelefon

Britt Solheim, 5557 2334

Uttale til søknad om utsleppsløyve etter kapittel 13 for utslepp frå gnr 62 bnr 47 m fl Tofting i Lindås kommune

Vi viser til brev av 26. mars 2019 med søknad om utsleppsløyve for uttale.

Saka gjeld søknad om utvida utsleppsløyve for felles avløpsanlegg og er søkt utvida frå 15 til 75 personekvivalentar (pe) med utslepp til sjø. Tiltakshavar er Sameiet Toftinganeset Avløpsanlegg.

Fellesanlegget for hyttefeltet blei bygd i 2002 og vilkåra var at tilknyting over 15 pe ville utløyse krav om nytt utsleppsløyve. Søknaden omfattar ingen nye inngrep, og kvar eigedom skal også vere tilkopla separate slamavskilljarar. Desse skal tømmast av vanleg slamtømmebil.

Anlegget ligg delvis i regulert hytteområde på Tofting, delvis i LNF og delvis i sjø i Kommuneplan for Lindås 2011 – 2023. Resten av sjøleidningen og utsleppspunktet ligg innafor kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Begge planane opnar for legging av leidningar i sjø i føresegne.

Det eksisterande anlegget er alt opparbeidd og nedgrave i LNF-området, i samsvar med tidlegare godkjent søknad. Kommunen vil ikkje krevje dispensasjonssøknad i samband med utviding av anlegget.

Fylkesmannen sine kommentarar

Forureiningsforskrifta kapittel 13 gjeld utslepp av kommunalt avløpsvatn frå tettstader med samla utslepp mindre enn 2000 pe til ferskvatn, mindre enn 2000 pe til elvemunning eller mindre enn 10000 pe til sjø. Kapittel 13 gjeld ikkje for utslepp av sanitæravløpsvatn mindre enn 50 pe.

Det er ikkje søkt om unntak frå forureiningsforskrifta §§ 13-7 til 13-16 i søknaden. Nye utslepp, utslepp som skal aukast vesentleg eller reinseanlegg som skal endrast vesentleg må etterkomme kravet i § 13-8 bokstav a eller b.

Kommunalt avløpsvatn med utslepp til mindre følsamt område, jf. vedlegg 1 punkt 1.2 til forureiningsforskrifta kapittel 11, skal ikkje forsøple sjø og sjøbotn, og minst etterkome



- a) 20% reduksjon av SS-mengda i avløpsvatnet utrekna som årleg middelverdi av det som blir tilført reinseanlegget,
- b) 100 mg SS/l ved utslepp utrekna som årleg middelverdi

Forskrifta § 13-11 har krav om at reinseanlegget skal vere utforma slik at representative prøver kan takst av det tilførte avløpsvatnet og av reinsa avløpsvatn i tillegg til målingar av mengde avløpsvatn. Slamavskilljarar skal tømmast ved behov og ikkje sjeldnare enn anna kvart år.

Prøvetaking

Den ansvarlege for reinseanlegget skal sørge for at det kan takast prøver av reinsa avløpsvatn dersom reinseanlegget er underlagt krava i § 13-8 a) eller b). Det er viktig at reinseanlegget blir utforma slik at det kan takast representative prøvar av det tilførte avløpsvatnet og av det reinsa avløpsvatnet. Det skal også vere mogleg å gjennomføre målingar av mengde avløpsvatn, jf. forureiningsforskrifta § 13-12.

Alternativ til prøvetaking

Reinseanlegg mellom 50 og 1000 pe i mindre følsamt område kan ha dokumentasjon som alternativ til årleg prøvetaking, jf. § 13-12. Innan 18 månader etter oppstart av reinseanlegget, skal det ligge føre ein rapport for anlegget som verifiserer at krava blir oppnådd. Rapporten skal vere basert på prøvetaking av minst 6 prøver over ei periode på 12 månader.

Rapportering

Den som er ansvarleg for private avløpsanlegg større enn 50 pe, skal rapportere nødvendige opplysningar innan 1. februar kvart år, jf. § 13-16 via Altinn. Informasjon om og rettleiar til rapporteringa ligger på Miljødirektoratet sine nettsider: www.miljodirektoratet.no.

Forureiningsforskrifta har standardkrav for utsleppsløyve. Det må likevel vurderast om utsleppa kan føre til skade eller ulempe. Kommunen må i sitt vedtak også vurdere utslepp frå anlegget på bakgrunn av naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Fylkesmannen har ikkje andre merknadar til søknaden.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Britt Solheim
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent